



Jnr. 1041.17
GJG/rr

Fylkesordfører
Fylkesrådmann

Vedkjem avgrensa høyring av Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Samarbeidsrådet for Sunnhordland syner til Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger som no er på avgrensa høyring.

Høyringsfristen er sett til 29. mars, truleg for å nå endeleg godkjenning i fylkestinget sitt møte i juni.

For Sunnhordland er dette ein svært alvorleg plan, fordi den vil leggja føringar for utvikling av havbruksnæringa og bruk og forvaltning av strandsona.

Kultur og Ressurs utvalet gjorde følgjande vedtak 1.10.2015 då Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa var på høyring:

1. *Framlegg til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som vil vera eit godt reiskap for kommunal planlegging.*
2. *Hordaland fylkeskommune rår til at strandsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre.*
3. *Framlegg til Regional kystsoneplan er ikkje i samsvar med Interkommunal strandsoneplan. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at strandsoneplanen vert styrande for kystsoneplanen i kapitlet som omhandlar strandsona. Dersom det ikkje er mogleg, må kapitlet om strandsona takast ut av kystsoneplanen.*
4. *Varig verna kulturminne er del av dei enkelte kommunane sine kulturminneplanar. Strandsoneplanen må som alle kommunale planar, ta omsyn til varig verna kulturminne og fastsette vernesonar.*

Arbeidet med strandsoneplanen er ikkje avslutta enno, men er forventa avslutta hausten 2017.

Når det gjeld kystsoneplanen er det lagt opp til dialogmøter med kommunar og fylkesmann 23 og 24. mars, rett før høyringsfristen går ut.

Slik høyringsfristen no er lagt opp vil ikkje alle kommunane få handsama høyringsframlegget til kystsoneplanen i kommunestyra . Dette bør fylkeskommunen ta omsyn til.

Samarbeidsrådet ber om at høyringsfristen vert utsett til hausten 2017, då arbeidet med strandsoneplanen er venta avslutta.

Ber om ei snarleg tilbakemelding på om dette let seg gjera.

Sunnhordland, 7. mars 2017

Wenche Tislevoll
styreleiar

Gro Jensen Gjerd
dagleg leiar

Kopi: Saksordførar Kjell Håland